



## MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

**Møtedato:** 04.11.2020

**Frå sak nr.** 37/20, 39/20 til 44/20  
**Til sak nr.**

**Møtestad:** Jondal kyrkje, kyrkjehrommet

**Underskrifter:**

Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.

Leiar Cecilie Stærnes	Nestleiar Anne Røyemstad
Sekretær Karin Anne Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Åse Marit Jørgensen	Medlem Tørres Mæland
Geistleg representant Arild Hellesøy	1. Vara Marit Hesvik
	2. Vara: Maria Eide

**Forfall til møtet:**

Utskrift sendt til: Medleamar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.  
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

Vedlegg:      Søknad om fritak, Tørres Mæland  
                  Søknad om offergåve, Kirkens SOS  
                  Søknad om offergåve, Sygna VGS  
                  Årsmelding Jondal sokneråd 2019 (ikkje ein sak før årsmøtet 15.11.2020)

## Rekneskap Jondal sokneråd 2019 (ikkje ein sak før årsmøtet 15.11.2020)

### **Meldingar:**

- Orientering – Medlemar: Ny kyrkjeverje: Tørres Mæland  
Nytt fast medlem av rådet, Marit Hesvik,  
Ny 1.vara, Maria Eide.  
Ny geistleg representant, Arild Hellesøy, prost.  
Gratulerer til Tørres og velkommen til de nye!
- Orientering – Årsmøte: Minner om årsmøte den 15.11. etter gudstenesta. Alle medlemar  
bes møta. Tidlegare soknerådsleiar er invitert til å leggja fram  
rekneskapen for 2019.
- Orientering – Smittevern: Nye dispensere etter arbeid frå utvalet for smittevern.  
Generelt om arrangement i kyrkja. Det er fleire arrangement i  
kyrkja i november og desember. Utvalet for smittevern  
har samarbeid med kantor, dei har laga plan for gjennomføring  
av arrangementa i etter gjeldande smittevernreglar i den Norske  
kyrkja.  
Lys Vaken: overnatting avlyst grunna smittevern, Soknerådet  
spanderer pizza og brus  
Konsert Hardangerkoret og Herborg Kråkevik. Konsert med  
Herborg Kråkevik er avlyst. Det blir konsert med  
Hardangerkoret 20.desember.

### **Saker:**

**39/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**40/20 Godkjenning av protokoll frå møtet den 23.09.20**

**41/20 Søknad om fritak frå verv: Tørres Mæland**

**37/20 Gravferder – ansvar for smittevern? Utval for smittevern v/Åse Marit**

**42/20 Jul – arrangement i tilknyting til jul**

**43/20 Søknad om offergåver**

**44/20 Eventuelt**

Sak 39/20 Godkjenning av innkalling

**Vedtak:**

Innkalling til møtet den 04.11.2020 vart samrøystes godkjent.

Sak 40/20 Godkjenning av protokoll

**Vedtak:**

Protokoll/ møtebok frå møtet den 23.09.20 vart samrøystes godkjent.

Sak 41/20 Søknad om fritak frå verv: Tørres Mæland

**Kort utgreiing om saka:**

Tørres Mæland har fått stillinga som ny kyrkjeleverje i Ullensvang Kyrkjelege fellesråd. Han søker derfor om fritak frå vervet i Jondal Sokneråd.

**Framlegg til vedtak:**

Søknad tas til følje og innvilgast. Me ynskjer Tørres lykke til i ny jobb.  
Marit Hesvik går inn som fast medlem i soknerådet, Maria Eide vert 1.vara.

**Vedtak:**

Tørres Mæland får fritak frå vervet i Jondal sokneråd. Marit Hesvik blir fast medlem i Jondal sokneråd. Maria Eide vert 1.vara.

Sak 37/20 Gravferder – ansvar for smittevern?

**Kort utgreiing om saka:**

Tørres har ikkje fått tatt opp saka med Fellesrådet.

Smittekomiteen har undersøkt kva ein gjer med smittevern i gravferder.

Det er gravferdsfølgje som sjølve har ansvar for smittevern, evt kan dei kjøpe tenesta frå gravferdsbyrå. Blir det svært vanskeleg for gravferdsfølgje kan soknerådet unntaksvis hjelpe til. Det skal lagast rutinar rundt gravferd, informasjon på heimesida til Jondal kyrkje.

**Vedtak:**

Gravferdsfølgje har sjølve ansvar for smittevern i gravferder. Unntaksvis kan soknerådet vere til hjelp.

## 42/20 Jul – arrangement i tilknyting til jul

### Kort utgreiing om saka:

Kva arrangement kan gjennomførast? Må noko avlysast? Gjerast annleis?

Det skal vere fleire arrangement i kyrkja i november og desember. Fleire konserter, lysmesse og familiegudsteneste på julafta.

Smittevernutalet ved Anne Røymstad og Åse Marit Jørgensen har samarbeid med kantor Anne Karin Stormyr. Dei ser på kvart av arrangementa og lagar plan for smittevern. Planen må ta utgangspunkt i den norske kyrkja sine smittevernreglar tilpassa lokale forhold.

Sjå på om det er mogleg å få til ei ordning for påmelding til arrangementa. Billetsalg til konserter. Informasjon til publikum på face-book, plakatar og innslag i lokalavisene.

### Lokale smittevern regler til info. Notat frå smitteverngruppa

Sendt til Rådsmedlemmer, stab, prester.

- > Soknerådet i Jondal har oppnevnt en smitteverngruppe i lokalt sokneråd. Dette for å fordele oppgaver vi må ta tak i i soknerådet.
- > Smitteverngruppa forholder seg til gjeldende smittevernregler og jobber i samråd med soknerådet.
- > På nåværende tidspunkt består smitteverngruppa av Anne Røymstad og Åse Marit Jørgensen.
- > I den forbindelse, har vi hatt kontakt med sentrale personer innenfor kirken i Ullensvang kommune pr.tlf. og mail.
- > Inkludert staben i Jondal kirke, v.Anne Karin Stormyr og Laila Bergsagel, smittevernansvarlig for fellesrådet: Greta Nordlund, Kirkeverge Gerd Rosten Bu og ansvarlig for gravferdene i Jondal, Marna Roer.
- > Ut i fra den informasjon vi har fått om erfaringer de forskjellige aktører har gjort i tida med Koronna utfordringer, opplever vi i smitteverngruppa, et behov for å videreformidle dette til alle som er involvert i arbeidet i kirken vår.
- > Kirken har selv ansvaret for smittevernet ved kirkelig bruk. Det er egne regler for uteie av kirken til arrangement som ikke arrangeres av kirken.
- > Vi er pålagt å registrere alle tilstedevarende i kirken med navn og tlf.nr.
- > Lister over tilstedevarende oppbevares i 2 uker i tilfelle smitte, og makuleres.
- > For å lette dette arbeidet, føres deltagerlister over gravfølger, dåpsfølger, bryllupsgjester eller ved annen anledning der dette er mulig.
- > Ansvarlig prest har ansvar for å informere om dette.
- > Føring av deltagerlister faller på familien som skal ha gravferd, dåp, bryllup eller annet.
- > Familien har ved gravferd og bryllup, ansvar for å ha en person ved inngangen som registrerer på lista hvem som er tilstede, samt påser at deltakerne nytter spritdispensere som er tilgjengelig.
- > Ved dåp, utføres registreringen av kirkevertene på forhåndsutfyld liste.
- > Det har kommet fram at ved gravferd, kan gravferdsbyrå bistå med å ta i mot ved inngangen om ønskelig fra familien sin side, men det vil koste dem ekstra.
- > Ved gravferder i Jondal kirke, ordner Blomekroken med blomstene. De legges i midtgang. Før utgang, legger representanter for familien blomstene i de tomme benkene.

> Kirketener besørger at blomstene bli lagt på graven etter gravferden. Dette for å begrense antall som handterer blomstene, og lettere overholde avstand mellom de tilstedeværende.

> Gravferder: Marna Roer

> Konfirmanter: Arne Opsahl Engen

> Gudstjenester: Tom Sverre Tomren

> Antall tilstedeværende i kirken:

> Marna Roer refererte fra stabsmøte, at erfaringmessig er det uproblematisk å følge smittevernreglene ved ca 50 tilstede. Utfordringene øker med antallet tilstedeværende.

> I Jondal har vi landet på at Max 100 er det vi kan forsøre i gravferd.

> Ved 100 personer, brukes begge sider nede, annen hver benkerad. Det nyttes ikke sidebenker eller ekstra stoler.

> Stab kommer i tillegg ved alle anledninger.

> Ved konserter kan galleriet nytties i tillegg med 20 personer.

> Ved tilstelninger med store ensemble, regnes disse med i antallet tilstedeværende.

> Ved alle tilstelninger må smittevernreglene følges, m.h.t. avstand mellom både publikum og de som opptrer.

> Helsemyndighetene vil til enhver tid komme med retningslinjer for antall i en forsamligning, men disse må tilpasses lokale forhold. Rommets størrelse og utforming trumfer alltid max antall, og soknerådet lokalt har myndighet til å justere antallet.

> Alle arrangement i kirken vil i en tid med Koronasmitten, medføre behov for økte resurser og praktisk tilrettelegging for å gjennomføre godt smittevern.

> Det vil være behov for mer renhold og forsvarlig bemanning.

> Det blir ingen kirkekaffe i kirken til annen beskjed er gitt.

> Berøringsfri spritdispenser er på plass i kirken, foreløpig en, men vi vil jobbe for å få på plass en til.

> Forsvarlig smittevern, handler ikke bare om avstand inne i kirken, men også å opprettholde avstand ved inn og utgang.

> En må prøve å unngå kødannelse ved spritdispenser ved inngang.

> Ved utgang og mange tilstede i kirken, kan en event bruke side dørene i tillegg. Bare ved utgang.

> Vi forsøker så langt råd å ha to kirkeverter ved inngangen ved gudstjenester der det skjer noe ekstra som øker antall tilstedeværende.

> Vi står snart overfor en tid med mye aktivitet i kirken.

> Lysmesse, julekonserter og julafoten. Erfaringmessig kommer det mange mennesker ved disse anledningene.

> Hva gjør vi for å forberede oss på dette, antall tilstedeværende, forhåndspåmelding? Skal alle arrangement gå som normalt, eller gjøres på en alternativ måte?

> I Odda, har feks.musikklaget avlyst sin julekonsert i kirken, da det ikke er mulig å få plass med kravene til avstand mellom musikantene.

> Vi ønsker å opprettholde aktivitet i kirken, men skal vi klare det, er vi avhengig av godt smittevern slik at alle kan kjenne seg trygge.

> Vi ønsker innspill om temaet.

> Saken tas opp på soknerådsmøte 04.11.20.

> Mvh. Smitteverngruppa i Jondal Sokneråd  
V/ Anne Røydstad og Åse Marit Jørgensen.

**Vedtak:**

Arrangementa må gjennomførast etter gjeldande reglar for smittevern. Smitteverngruppa arbeider vidare med plan for smittevern. Ta kontakt med journalist i lokalavisene, orientere om arrangementa i november og desember.

Sak 43/20 Søknad om offergåver

**Kort utgreiing om saka:**

Kirkens SOS og Sygna VGS søker om å stå på lista over offerorganisasjonar i 2021. Det skal lagast offerliste for 2021. Utset denne saka. Ingebjørg Grøtt og Karin Gangdal lagar eit forslag til offerliste til neste soknerådsmøte.

**Forslag til vedtak:**

Avgjere utsettast til lista over offer for 2021 takast opp igjen i desember/januar. Ingebjørg og Karin les seg opp på desse organisasjonane.

**Vedtak:**

Utset saka til neste møte. Ingebjørg og Karin lagar eit forslag til offerliste 2021 til soknerådsmøte i desember.

Sak 44/20 Eventuelt

- Prost Arild Hellesøy orienterer om prestetenesta denne hausten og framover.  
Det har vore og er utfordrande. Vikarprest i Jondal. Det er ynskje om å lyse ut stillinga som Sokneprest i Jondal og Utne. Stillinga kan ikkje lysast ut så lenge den ikkje er ledig, prest i permisjon. Frå 15.02.21 håper ein å få på plass vikarprest i Jondal framtil sommaren. Den skal i vareta alle funksjonane. No er dei delte på fleire personar som har faste oppgåver.

Marna Roer- gravferder og andakter på Vikevollen

Tom Sverre Tomren – gudstenester

Arne Opdahl Engen – Konfirmantar

Arild Hellesøy – sokneråd.

Det kjem ynskje om at Arne Opsahl Engen held fram med konfirmantane.

- Staten tildeler kyrkja i Ullensvang ein sum pr barn som blir døypt pr år. Prost Arild Hellesøy anbefaler soknerådet å sende spørsmål til kyrkjeverje Tørres Mæland om korleis det er tenkt å disponere desse midlane, den delen som er tiltenkt Jondal

Det kjem ynskje om at Arne Opsahl Engen held fram med konfirmantane.

- Val av nytt medlem til Ullensvang kyrkjelege fellesråd. Sak på neste soknerådsmøte. Då også val av leiar og nestleiar.
- Val av revisor. Leiar i Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd undersøker om det er revisorplikt for eit sokneråd
- Nytilsett diakon i Ullensvang prestegjeld ynskjer å kome til Jondal og fortelje om diakoniarbeid. Invitere henne til møte i desember eller januar.
- Innspel frå Kantor Anne Karin Stormyr. Ho har sendt eit spørsmål til prost Arild Hellesøy og kyrkjeverje Tørres Mæland.  
Når det ikkje er fast prest i Jondal er det ikkje nokon som tenkjer kontinuitet. Det er ikkje kantor sin oppgåve. Ho har heller ikkje ressursar til det i 60 % stilling.  
-Kompensasjon for meirarbeid?
- Kan det skrivast timer? Har Fellesrådet midlar som kan brukast?

Prost Hellesøy fortel at det er tenkt at det skal vere ein på kontoret i Jondal som skal ta administrative oppgåver. Definerte sekretær oppgåver. Fordеле ansvar. Lage rutinar som sikrar kontinuitet.

